



Stereoskopiske postkort frå Valevåg i den tida Thomas Angell Brown var handelsmann der.

Kristen Pedersen Myklebust (1869 – 1936) frå Uskedalen emigrerte til USA i 1890. Han vart fotograf og starta eige fima i Eagle Grov, Iowa. Han var heime i Uskedalen og finansierte reisene med å ta foto for sal i Midtvesten og i Noreg.



Stereoskop som vart nytta for å kunna sjå motivet med djupne (tredimesjonalt)

På ein av desse turane hadde fotografen vore innom Sveio. Det var truleg i 1895. Han vitja Valestrand og Sveen. Bileta er såkalla stereoskopiske foto og baksida fortel kva motiv dette er med serienummer. Biletserien vert kalla Views from Norway.

Sveio Kystlag sitt årsskrift 2015 har ein fin artikkel om fotografen frå Uskedalen.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døsland